

Dato  
24.08.16

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Sogndal kommune  
Rolf Sande

**Kommentar til fråsegn frå fylkesmannen om at framtidige klimaendringar ikkje er teke omsyn til i skredfarevurderinga på Nærestad, Sogndalsdalen.**

Fylkesmannen har kome med fråsegn til Sogndal kommune om at det ikkje er teke omsyn til forventa framtidige klimaendringar i skredfarevurderinga vår på Nærestad i Sogndalsdalen og syner til «Retningslinjer for skredfarekartlegging i bratt terreng (NVE 2014).»

Skredfarevurderinga vår «**Skredfarevurdering for hyttefelt på Nærestad i Sogndalsdalen, Sogndal kommune (Stein Bondevik og Asbjørn Rune Aa)**» følgj retningslinjene frå NVE (2014) og kravspesifikasjonen frå NVE (2016):

([https://www.nve.no/Media/3408/kravspesifikasjon\\_nve\\_generelt.pdf](https://www.nve.no/Media/3408/kravspesifikasjon_nve_generelt.pdf))

der alle skredtypar er vurdert, skredavsetningar er kartlagt, historiske skredhendingar er dokumenterte (både frå avis, dagbok og intervju) og faresone for dimensjonerande skred (1/1000) er kartfesta for det aktuelle området.

Når det gjeld omsyn til klimaendringar i arealplanlegginga står dette i retningslinjene frå NVE (kap. 5 side 14 i «Retningslinjer for skredfarekartlegging i bratt terreng) 2014:

*«Det er likevel ikkje grunn til å tru at dei svært store, sjeldne skreda vil bli større eller komme oftare. Dei usikre faktorane ved fastsetting av grensa for skred med årleg sannsyn på 1/1000 er dessutan så store at faktorane knytt til klimautviklinga betyr lite. Ved avgrensing av faresoner for skred i arealplanlegginga er det difor ikkje grunn til å legge til ein ekstra margin som følgje av klimautviklinga. Dersom ein følgjer tryggleikskrava i TEK10 og råda i kapittel 7 i desse retningslinjene i arealplanlegging og ved utbygging, vil ein for nye utbyggingsareal og nye bygningar og anlegg få god nok tryggleik mot skred.»*

I fastsetjinga av faresona for skred (1/1000) har me følgj retningslinjene over og ikkje teke inn i vurderinga om framtidig klima kan endra rekkevidda for skred. Forventa endringar i klima kan nok føra til fleire skredhendingar, men det er ikkje opplagt at det vil føra til lengre rekkevidde for dei store og sjeldnare skreda. (Auka frekvens av skred kan faktisk redusera rekkevidda til store sjeldnare skred ved at ustabile massar oftare vert utløyste og ikkje får tid til å byggja seg opp. Det er ein nær samanheng mellom rekkevidda til skred og skredvolum). Slik me vurderer dette er retningslinjene til NVE (2014) når det gjeld faresone for skred fornuftige med omsyn til dette med framtidige klimaendringar.

Sogndal 19. august 2016

Stein Bondevik og Asbjørn Rune Aa